

Prop. 7 S

(2013–2014)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Endringar i statsbudsjettet 2013 under Arbeidsdepartementet

*Tilråding frå Arbeidsdepartementet 22. november 2013,
godkjend i statsråd same dagen.
(Rejeringa Solberg)*

1 Innleiing

Arbeidsdepartementet legg i denne proposisjonen fram forslag om endringar av løyingane under enkelte kapittel under programområde 09 Arbeid og sosiale formål, programområde 29 Sosiale formål, folketrygda, programområde 33 Arbeidsliv, folketrygda, samt enkelte av inntektene for 2013.

Dei reviderte oversлага for folketrygdas utgifter og inntekter i 2013 bygger i hovudsak på tal frå rekneskap per 30. september 2013.

Arbeidsdepartementet fremmar forslag om å redusere løyingane under utgiftskapitla under programområde 09 Arbeid og sosiale formål utanom lånetransaksjonar med 288,5 mill. kroner, å redusere løyingane under programområde 29 Sosiale formål, folketrygda med 404,2 mill. kroner og å auke løyingane under programområde 33 Arbeidsliv, folketrygda med 265 mill. kroner. Samla gjer Arbeidsdepartementet framlegg om at løyingane under utgiftskapitla utanom lånetransaksjonar vert nedsett med om lag 427,7 mill. kroner.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å auke løyinga for inntekter utanom lånetransaksjonar under inntektskapitla med om lag 215,3 mill. kroner.

2 Forslag under dei enkelte kapitla

Kap. 601 Utgreiingsverksemd, forsking m.m.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Løyvinga for 2013 er 59,3 mill. kroner.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga med 2 mill. kroner, jf. omtale under kap. 605, post 01.

Post 70 Tilskott

Løyvinga for 2013 er 25,5 mill. kroner.

Det ligg an til eit mindreforbruk av løyvinga i 2013. Mindreforbruket er knytta til lågare utgifter til EU-kontingentar enn lagt til grunn i Saldert budsjett 2013.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga med 1 mill. kroner.

Kap. 605 Arbeids- og velferdsetaten

Post 1 Driftsutgifter

Løyvinga for 2013 er 10 622,1 mill. kroner.

Arbeids- og velferdsetaten deltar i eID-programmet. Det er tidlegare rammeoverført midlar

frå kap. 605, post 1 til Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet sitt budsjett for å dekke transaksjonskostnadene i programmet. Rammeoverføringa skulle justerast når transaksjonsvoluma vert klare i 2013. Ein foreslår difor å auke Arbeids- og velferdsetaten si driftsløyving med 1,27 mill. kroner mot tilsvarande å sette ned løyinga under Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet sitt kap. 1560, post 22.

Eit mål for Arbeidsdepartementet si forskningsverksemد er å sorgje for at det eksisterer, er tilgjengeleg og vert brukt god og sikker kunnskap for forvaltning og politikkutforming innan arbeids- og velferdsområdet. I samarbeid mellom Arbeids- og velferdsdirektoratet og departementet er det i gang eit arbeid med å betre kunnskapsgrunnlaget. I dette arbeidet ser ein blant anna korleis andre land gjer det.

Ein foreslår difor å auke Arbeids- og velferdsetaten si driftsløyving kap. 605, post 01 med 2 mill. kroner mot tilsvarande reduksjon på kap. 601, post 21.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å auke løyinga samla med 3,3 mill. kroner.

Kap. 611 Pensjonar frå statskassa

Post 01 Driftsutgifter, overslagsløyving

Løyinga for 2013 er 19 mill. kroner.

Overslaget er basert på utbetalte pensjonar så langt i 2013 og prognose ut året.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyinga med 2 mill. kroner.

Kap. 612 Tilskott til Statens pensjonskasse

Post 01 Driftsutgifter, overslagsløyving

Post 70 For andre medlemmer av Statens pensjonskasse, overslagsløyving

Løyinga for 2013 på post 01 er 9 025,8 mill. kroner.

Løyinga for 2013 på post 70 er 100 mill. kroner.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyinga med 282,8 mill. kroner, fordelt med 279,8 mill. kroner på post 01 og 3 mill. kroner på post 70.

Reduksjonen skriv seg frå fleire årsaker:

- Overslaget over premieinntekter (arbeidsgjevarpremie og medlemsinnskot) er redusert med 146,3 mill. kroner. Reduksjonen i premieinntektene skuldast i hovudsak lågare vekst i

premiegrunnlaget for 2013 som følgje av at tariffoppgjeret for arbeidstakarar i det statlege tariffområdet våren 2013 vart lågare enn forsett i Revidert nasjonalbudsjett 2013.

- Refusjonar av pensjonar betalt ut på vegne av andre pensjonsordningar er auka med 64 mill. kroner. Overslaget er basert på faktisk refunderte pensjonar pr. august 2013 og prognose ut året.
- Overslag for utbetalte pensjonar (alderspensjonar, uførepensjonar og etterlatnepensjonar) er redusert med 484 mill. kroner. Overslaget er basert på faktisk utbetalte pensjonar pr. august 2013 og prognose ut året. Reduksjonen skriv seg frå at overslaga for vekst i utbetalte pensjonar, som låg til grunn for Revidert nasjonalbudsjett 2013, er redusert. Reduksjonen skuldast vidare ei forskyving av utbetalinger av refusjonar til andre ordningar i samband med etterbetaling av etterlatnepensjon til enkemann. Desse refusjonane er no forventa utbetalte frå 2014.
- Oppdaterte overslag for avskrivingar er auka med 26 mill. kroner. Overslaget er basert på avskrivingar pr. august 2013 og prognose ut året. Auken skriv seg mellom anna frå ein meir fokusert innsats knytte til behandlinga av feil-utbetalingsssaker.
- Oppdaterte overslag for utbetalte AFP-pensjonar er auka med 93 mill. kroner. Overslaget er basert på faktisk utbetalte AFP-pensjonar pr. august 2013 og prognose ut året. Auken skriv seg frå at overslaga for reduksjon i utbetalte AFP-pensjonar, som låg til grunn for Revidert nasjonalbudsjett 2013, ikkje vart så stor som forventa.

Kap. 613 Arbeidsgivaravgift til folketrygda

Post 01 Driftsutgifter, overslagsløyving

Løyinga for 2013 er 964 mill. kroner.

Posten gjeld berekna arbeidsgivaravgift for arbeidsgivardelen av pensjonsinnskotet og for medlemsinnskotet for statsforvaltninga, for verksemder som ikkje er pålagde å betale arbeidsgivarandel og medlemsinnskot direkte til Statens pensjonskasse. Nytt overslag på posten kjem i hovudsak av ein generell auke i det berekna premiegrunnlaget.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å auke løyinga med 23 mill. kroner.

Kap. 614 Bustadlåneordninga i Statens pensjonskasse

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga for 2013 er 89 mill. kroner.

Nytt overslag på posten baserer seg på føresetnader om fleire behandla søknader i bustadlåneordninga i Statens pensjonskasse, jf. kap. 614, post 90.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga med 3 mill. kroner.

Post 90 Utlån, overslagsløyving

Løyvinga for 2013 er 33 500 mill. kroner.

Nytt overslag på posten baserer seg på føresetnader om fleire behandla søknader og høgare gjennomsnittleg utbetalt beløp.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga med 2 400 mill. kroner.

Kap. 3614 Bustadlåneordninga i Statens pensjonskasse

Post 01 Gebyrinntekter, lån

Løyvinga for 2013 er 66 mill. kroner.

Nytt overslag baserer seg på føresetnader om fleire behandla søknader i bustadlåneordninga i Statens pensjonskasse, jf. kap. 614, post 90.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga med 3 mill. kroner.

Post 90 Tilbakebetaling av lån

Løyvinga for 2013 er 8 500 mill. kroner.

Nytt overslag skyldast ein auke i talet på innfridde lån og ein auke i størrelsen på gjennomsnittleg innfridd beløp.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga med 2 100 mill. kroner.

Kap. 5607 Renter av bustadlåneordninga i Statens pensjonskasse

Post 80 Renter

Løyvinga for 2013 er 1 401 mill. kroner.

Nytt overslag har samanheng med auke i hovudstol og høgare rentenivå samanlikna med det som vart lagt til grunn i Revidert nasjonalbudsjett 2013.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga med 177 mill. kroner.

Kap. 621 Tilskott til sosiale tenester og sosial inkludering

Post 63 Tiltak for vanskelegstilte, kan overførast

Arbeids- og velferdsdirektoratet har hausten 2013 etter søknad tildelt 16 mill. kroner i eingongstilskott til bruk for den kommunale delen av NAV-kontoret i samband med arbeidet med å avklare dei som vart konvertert frå rehabiliteringspengar, tidsavgrensa uførestønad og attføringspengar til arbeidsavklaringspengar. Nærare 100 kommunar har fått innvilga søknaden sin. Ledige middel på posten har framkommen grunna overføringer frå 2012 til 2013 og frå planlagde prosjekt som likevel ikkje har vore igangsette.

Kap. 634 Arbeidsmarknadstiltak

Post 21 Forsøk, utviklingstiltak mv., kan overførast

Løyvinga for 2013 er på 66,9 mill. kroner.

Det ligg an til eit lågare forbruk av løyvinga i 2013 enn venta. Dette er knytta til lågare bruk av tilretteleggingstilskott for arbeidssøkarar og funksjonsassistent i arbeidslivet enn lagt til grunn for løyvinga.

Tilretteleggingstilskott var ei ny ordning i 2012. Det tar normalt noko tid før nye ordningar vert kjent og tatt fullt i bruk.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga med 15 mill. kroner.

Kap. 640 Arbeidstilsynet

Post 21 Spesielle driftsutgifter, regionale verneombod

Løyvinga for 2013 er 10,3 mill. kroner.

Posten dekkjer kostnader som Arbeidstilsynet har ved å administrere ordninga med regionale verneombod i overnattings- og serveringsverksemndene og reinhaldsbransjen.

Då ordninga er ny, er mellom anna dei siste av totalt 12 regionale verneombod ikkje tilsette før i mars 2013. Arbeidsdepartementet foreslår difor å sette ned løyvinga med 3,3 mill. kroner til 7 mill. kroner for 2013.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga med 3,3 mill. kroner, sett i samanheng med ein tilsvarende reduksjon av kap. 3640, post 08.

Kap. 3640 Arbeidstilsynet*Post 08 Refusjon utgifter regionale verneombod*

Løyvinga for 2013 er 10,3 mill. kroner.

Inntektene på posten er refusjonar for utgifter til drift av regionale verneombod som vert administrerte av Arbeidstilsynet. Utgiftene vert ført under kap. 640, post 21.

Då ordninga er ny er mellom anna dei siste av totalt 12 regionale verneombod ikkje tilsette før i mars 2013. Arbeidsdepartementet føreslår difor å redusere løyvinga med 3,3 mill. kroner til 7 mill. kroner for 2013.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga med 3,3 mill. kroner, sett i samanheng med ein tilsvarande reduksjon av kap. 640, post 21.

Kap. 660 Krigspensjon*Post 70 Tilskott, militære, overslagsløyving*

Løyvinga for 2013 er 149 mill. kroner.

Ein reknar med at talet på militære krigspensjonistar og gjennomsnittleg yting vert litt lågare enn venta.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga med 7 mill. kroner.

Post 71 Tilskott, sivile, overslagsløyving

Løyvinga for 2013 er 334 mill. kroner.

Ein reknar med at talet på sivile krigspensjonistar og gjennomsnittleg yting vert litt høgare enn venta.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga med 11 mill. kroner.

Kap. 664 Pensjonstrygda for sjømenn*Post 70 Tilskott*

Løyvinga for 2013 er 196,610 mill. kroner.

Avgiftsinntektene er justert opp med om lag 38 mill. kroner, mens stønadsutgiftene er justert ned med om lag 11 mill. kroner.

Arbeidsdepartementet føreslår å redusere løyvinga på administrasjonsbudsjettet med 0,8 mill. kroner som følgje av at tidspunktet for sluttføringa av IKT fornyingsprosjektet PTS 2013 er forskuva frå 2013 og ut i 2014, med tilhøyrande forskyving av kostnader. Den totale økonomiske ramma for PTS 2013 vert ikkje endra som følgje av reduksjonen i 2013.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga med 48,2 mill. kroner.

Kap. 666 Avtalefesta pensjon (AFP)*Post 70 Tilskott*

Løyvinga er 1 861 mill. kroner i 2013.

I overslaga er det skilt mellom AFP etter reglane som var gjeldande til og med 2010, og dei nye reglane som gjeld for alle arbeidstakrar som tok ut AFP med verknadstidspunkt tidlegast 1. januar 2011.

Talet på mottakarar og gjennomsnittleg yting ser ut til å bli litt høgare enn forventa. Samla sett reknar ein med at utgiftene vert litt høgare enn det som er lagt til grunn for løyvinga, både for dei nye reglane og dei gamle reglane.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga med 59 mill. kroner.

Kap. 667 Supplerande stønad til personar over 67 år*Post 70 Tilskott, overslagsløyving*

Løyvinga er på 419 mill. kroner i 2013.

Talet på mottakarar ser ut til å bli litt lågare enn forventa, mens gjennomsnittleg yting ser ut til å bli litt høgare enn forventa. Samla sett reknar ein med at utgiftene vert litt lågare enn det som er lagt til grunn for løyvinga.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga med 9 mill. kroner.

Kap. 2470 Statens pensjonskasse*Post 24 Driftsresultat*

Løyvinga for 2013 er 1,834 mill. kroner.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga under post 24 med 0,5 mill. kroner.

Forslaget til justering av driftsresultatkrevet er knytt til følgjande endringar:

Underpost 24.1 Driftsinntekter, overslagsløyving

Departementet føreslår ein auke i driftsinntektene med 6,3 mill. kroner til 609,4 mill. kroner. Auken i driftsinntektene skuldast i hovudsak fleire behandla lånesøknader og auka inntekter frå kaptialforvaltningsområdet.

Underpost 24.2 Driftsutgifter, overslagsløyving

Departementet føreslår ein auke i driftsutgiftene med 28 mill. kroner knytt til gjennomføringa av ulike prosjekt og tiltak i Statens pensjonskasse, mellom anna oppgradering av økonomisystemet

i samband med innføring av ny statleg kontoplan, tiltak knytt til fleire uttak av AFP og gjennomføring av eit prosjekt knytt til premiebereking i Statens pensjonskasse. Løyvingane under underpost 24.5 og 24.6 vert i sum foreslått redusert samla med tilsvarende beløp, jf. omtale under underpost 24.5 og 24.6.

Departementet foreslår vidare ein auke i driftsutgiftene med 6,3 mill. kroner som følgje av fleire behandla lånesøknader og fordi kostnadane knytt til legeerklæringar i uføresakene ikkje vart redusert i det omfang som vart lagt til grunn i Revidert nasjonalbudsjett 2013.

Samla foreslår Arbeidsdepartementet ein auke i driftsutgiftene med 34,3 mill. kroner til 489,6 mill. kroner.

Underpost 24.4 Renter av staten sin kapital

Departementet foreslår ein auke av underpost 24.4 med 0,5 mill. kroner til 21,9 mill. kroner. Auken skuldast bruk av om lag 13 mill. kroner i lånefinansierte overførde midlar i 2013.

Underpost 24.5 Til investeringsføremål

Underposten omfattar avsetning til eigenfinansierte investeringar, jf. kap 5470, post 30. Departementet foreslår ein reduksjon av løyinga med 18,1 mill. kroner knytt til gjennomføringa av ulike prosjekt og tiltak i Statens pensjonskasse, jf. omtale under kap. 2470, underpost 24.2, post 45 og kap. 5470, post 30.

Underpost 24.6 Til reguleringsfond

Departementet foreslår å trekke 10 mill. kroner frå reguleringsfondet som følgje av gjennomføringa av ulike prosjekt og tiltak i Statens pensjonskasse, jf. omtale under kap. 2470, underpost 24.2. Som følgje av dette vil reguleringsfondet utgjere om lag 33 mill. kroner.

Post 45 Større utstyrsskaffingar og vedlikehald, kan overførast

Løyvinga for 2013 er 29,8 mill. kroner.

Dei eigenfinansierte investeringane reduserast, jf. omtale under kap. 2470, underpost 24.5 og kap. 5470, post 30.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyinga med 18,1 mill. kroner.

Kap. 5470 Statens pensjonskasse

Post 30 Avsetning til investeringsføremål

Løyvinga for 2013 er 18,1 mill. kroner.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyinga med 18,1 mill. kroner.

Kap. 2541 Dagpengar

Post 70 Dagpengar, overslagsløyving

Løyvinga for 2013 er 10 000 mill. kroner.

Departementet anslår dagpengeutbetalingane i 2013 til 10 200 mill. kroner, med grunnlag i tal til og med september 2013. Det vert no lagt til grunn ei noko høgare pårekna arbeidsløyse i 2013. Det vert samstundes lagt til grunn at ein større del av ledige får dagpengar. Den venta aukinga i gjennomsnittleg yting vert noko redusert samanlikna med overslaget i samband med Revidert nasjonalbudsjett for 2013.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å auke løyinga med 200 mill. kroner.

Kap. 5705 Refusjon av dagpengar

Post 04 Refusjon av dagpengar for grensearbeidrarar mv. busett i Noreg

Løyvinga for 2013 er på 3 mill. kroner.

Fra 1. juni 2012 vart det innført ei ny refusjonsordning for utbetalte dagpengar til personar som bur i Noreg, som har blitt heilt arbeidslause frå arbeid i eit anna EØS-land. Rutinar for ordninga er enno ikkje på plass. På usikkert grunnlag er det no ikkje venta innbetalte refusjonar under denne posten i 2013.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyinga med 3 mill. kroner.

Kap. 2542 Statsgaranti for lønnskrav ved konkurs

Post 70 Statsgaranti for lønnskrav ved konkurs, overslagsløyving

Løyvinga for 2013 er 750 mill. kroner.

Utbetalingerne gjennom lønnsgarantiordninga er sterkt konjunkturavhengige, og det er særleg talet på konkursar på landsbasis, talet på tilsette og lønnsnivået for desse som påverkar den samla utbetinga. Økonomien i det einskilde buet har også stor innverknad på utbetalingerne og moglegheitene for å innkrevje dividenden.

Hittil i 2013 er det ei auke i talet på konkursar. Endringa 1. halvår er på om lag 26,6 pst. samanlikna med same periode i 2012. Som ei følgje av dette har talet på saker inn til garantiordninga auka med om lag 7,8 pst. i same periode. Dette er noko høgare enn tidlegare venta. Talet på saker til behandling er også noko høgare for inneverande år.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å auka løyvinga med 65 mill. kroner.

Kap. 2620 Stønad til einsleg mor eller far

Post 70 Overgangsstønad, overslagsløyving

Løyvinga for 2013 er på 2 481 mill. kroner.

Utviklinga så langt i år viser at overslaget for utbetalinga til overgangsstønad bør justerast noko samanlikna med overslaget i samband med Revidert nasjonalbudsjett for 2013.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga med 49 mill. kroner.

Post 72 Stønad til barnetilsyn, overslagsløyving

Løyvinga for 2013 er på 370 mill. kroner.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga med 5 mill. kroner.

Post 73 Utdanningsstønad

Løyvinga for 2013 er på 55 mill. kroner.

Utviklinga så langt i år viser at både gjennomsnittleg utbetaling og talet på mottakarar av utdanningsstønad kan bli noko høgare enn lagt til grunn i Saldert budsjett 2013.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga med 4 mill. kroner.

Post 75 Tilskott til flytting for å komme i arbeid

Løyvinga for 2013 er på 300 000 kroner.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga med 100 000 kroner.

Post 76 Forskottering av underhaldbidrag

Løyvinga for 2013 er på 785 mill. kroner.

Ein reknar med at talet på mottakarar vert litt lågare enn lagt til grunn for løyvinga.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga med 5 mill. kroner.

Kap. 2650 Sjukepengar mv.

Post 70 Sjukepengar for arbeidstakarar m.m., overslagsløyving

Løyvinga for 2013 er 32 820 mill. kroner.

I Prop. 149 S (2012–2013) er det lagt til grunn ein vekst i talet på trygdefinanserte sjukepengedagar per sysselsett på 2 pst. frå 2012 til 2013.

Arbeids- og velferdsdirektoratet sin statistikk over sjukefråveret og rekneskapen til og med september 2013 tilseier ein nullvekst i talet på sjukepengedagar per sysselsett frå 2012 til 2013. Arbeidsdepartementet legg for 2013 til grunn ein vekst i sjukepengegrunnlaget på 4,2 pst., som er noko høgare enn lagt til grunn for løyvinga i Prop. 149 S (2012–2013). Samstundes legg Arbeidsdepartementet til grunn ein vekst i sysselsetjinga på 1,1 pst., som er noko lågare enn lagt til grunn for løyvinga i Prop. 149 S (2012–2013). Samla sett gir dette lågare sjukepengeutbetalingar i 2013 enn det ein rekna med tidlegare i år.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga med 520 mill. kroner.

Post 71 Sjukepengar for sjølvstendige, overslagsløyving

Løyvinga for 2013 er 1 660 mill. kroner.

Det trygdefinanserte sjukefråveret for sjølvstendige er venta å bli noko lågare enn det som er lagt til grunn for løyvinga.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga med 30 mill. kroner.

Post 72 Omsorgs- og pleiepengar ved sjukdom hos barn m.m., overslagsløyving

Løyvinga for 2013 er 550 mill. kroner.

Utgiftene i 2013 ser ut til å bli noko lågare enn venta.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga med 5 mill. kroner.

Kap. 2651 Ytingar under arbeidsavklaring

Post 70 Arbeidsavklaringspengar, overslagsløyving

Løyvinga for 2013 er 35 641 mill. kroner.

Utgiftene så langt i år har hatt ei noko anna utvikling enn det som er lagt til grunn for løyvinga. Gjennomsnittleg tal på mottakarar av arbeidsavklaringspengar i 2013 er noko lågare enn lagt til grunn i Prop. 149 S (2012–2013). Ein legg no til grunn eit gjennomsnittleg tal på 165 200 mottakarar av arbeidsavklaringspengar i

2013 mot 166 300 mottakarar i Prop. 149 S (2012–2013). Samstundes er utbetalinga per mottakar høgare enn det som tidlegare er lagt til grunn.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga med 169 mill. kroner.

Post 71 Tilleggsstønad, overslagsløyving

Løyvinga for 2013 er 465 mill. kroner.

Utgiftene så langt i år har vore lågare enn det som er lagt til grunn for løyvinga.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga med 70 mill. kroner.

Post 72 Legeerklæringar

Løyvinga for 2013 er 350 mill. kroner.

Utgiftene så langt i år har vore lågare enn det som er lagt til grunn for løyvinga.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga med 10 mill. kroner.

Kap. 2655 Uføre

Post 70 Grunnpensjon, overslagsløyving

Løyvinga for 2013 er 23 368 mill. kroner.

Utgiftene i 2013 har auka meir enn venta. Talet på mottakarar er noko lågare, samstundes er veksten i utbetalingane per mottaker høgare enn det som er lagt til grunn for løyvinga. Samla sett gir dette ein auke i utgiftene til grunnpensjon.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga med 42 mill. kroner.

Post 71 Tilleggspensjon, overslagsløyving

Løyvinga for 2013 er 36 159 mill. kroner.

Utgiftene i 2013 har auka noko mindre enn venta fordi talet på mottakarar er lågare. Samstundes er veksten i utbetalingane per mottaker noko lågare enn det som er lagt til grunn for løyvinga. Samla sett gir dette ein reduksjon i utgiftene til tilleggspensjon.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga med 159 mill. kroner.

Post 72 Særtillegg, overslagsløyving

Løyvinga for 2013 er 2 246 mill. kroner.

Utgiftene i 2013 har auka noko mindre enn venta fordi talet på mottakarar er lågare enn det som er lagt til grunn for løyvinga.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga med 6 mill. kroner.

Post 75 Månerstatning ved yrkesskade, overslagsløyving

Løyvinga for 2013 er på 114 mill. kroner.

Utgiftene ser ut til å bli noko høgare enn rekna med då løyvinga vart fastsett.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga med 1 mill. kroner.

Post 76 Yrkesskadetrygd gml. lovgiving, overslagsløyving

Løyvinga for 2013 er på 68 mill. kroner.

Utgiftene ser ut til å bli noko lågare enn rekna med då løyvinga vart fastsett.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga med 4 mill. kroner.

Kap. 2661 Grunn- og hjelpestønad, hjelphemiddel mv.

Post 70 Grunnstønad, overslagsløyving

Løyvinga for 2013 er 1 770 mill. kroner.

Det er venta at utgiftene vert 10 mill. kroner lågare enn løyvinga. Grunnen er ein reduksjon i talet på mottakarar.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga med 10 mill. kroner.

Post 71 Hjelpestønad, overslagsløyving

Løyvinga for 2013 er 1 690 mill. kroner.

Det er venta at utgiftene vert 10 mill. kroner lågare enn løyvinga. Årsaka er ein reduksjon i talet på mottakarar.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga med 10 mill. kroner.

Post 73 Hjelphemiddel mv. under arbeid og utdanning

Løyvinga for 2013 er 145 mill. kroner.

Utgiftene så langt i år har auka mindre enn venta.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga med 5 mill. kroner.

Post 74 Tilskott til bilar

Løyvinga for 2013 er 740 mill. kroner.

Det er venta ein auke i utgiftene samanlikna med det som er lagt til grunn for løyvinga. Dette har samanheng med ein auke i utgifter til kjøp av gruppe 2-bilar.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga med 65 mill. kroner.

Post 75 Betring av funksjonsevna, hjelphemiddel

Løyvinga for 2013 er 2 599,1 mill. kroner.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga med 0,9 mill. kroner.

Post 76 Betring av funksjonsevna, hjelphemiddel som tenester

Løyvinga for 2013 er 245 mill. kroner.

Utgiftene har auka noko mindre enn det som er lagt til grunn for løyvinga.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga med 25 mill. kroner.

Post 77 Ortopediske hjelphemiddel

Løyvinga for 2013 er 1 110 mill. kroner.

Utgiftene er venta å verte 10 mill. kroner høgare enn det som er lagt til grunn for løyvinga. Utgiftene aukar for alle enkeltstønader.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga med 10 mill. kroner.

Post 78 Høyreapparat

Løyvinga for 2013 er 401 mill. kroner.

Utgiftene er venta å verte 31 mill. kroner lågare enn det som er lagt til grunn for løyvinga som følgje av at volumveksten er lågare enn det som tidlegare er lagt til grunn. Redusert volumvekst har samanheng med at ein har gått over til ny innkjøpsordning for høyreapparat.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga med 31 mill. kroner.

Kap. 2670 Alderdom

Post 70 Grunnpensjon, overslagsløyving

Løyvinga for 2013 er 56 216 mill. kroner.

Ein reknar med at antall mottakarar og gjennomsnittleg yting vert noko høgare enn lagt til grunn ved fastsetjinga av løyvinga

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga med 54 mill. kroner.

Post 71 Tilleggspensjon, overslagsløyving

Løyvinga for 2013 er 102 517 mill. kroner.

Ein reknar med at antall mottakarar vert litt lågare enn lagt til grunn ved løyvinga og at gjen-

nomsnittleg yting vert litt høgare enn lagt til grunn ved fastsetjinga av løyvinga. Samla sett reknar ein med at utgiftene vert litt lågare enn det som er lagt til grunn for løyvinga.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga med 67 mill. kroner.

Post 73 Særtillegg, pensjonstillegg mv., overslagsløyving

Løyvinga for 2013 er 5 921 mill. kroner.

Oppdaterte berekningar viser at antall mottakarar vert noko høgare enn lagt til grunn i gjeldande budsjett 2013.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga med 49 mill. kroner.

Kap. 2680 Etterlatne

Post 70 Grunnpensjon, overslagsløyving

Løyvinga for 2013 er 1 241 mill. kroner.

Ein reknar med at talet på mottakarar og den gjennomsnittlige grunnpensjonen vil verte litt høgare enn venta.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga med 49 mill. kroner.

Post 71 Tilleggspensjon, overslagsløyving

Løyvinga for 2013 er 995 mill. kroner.

Ein reknar med at talet på mottakarar og den gjennomsnittlige tilleggspensjonen vil verte litt høgare enn venta.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga med 45 mill. kroner.

Post 72 Særtillegg, overslagsløyving

Løyvinga for 2013 er 95 mill. kroner.

Ein reknar med at talet på mottakarar og det gjennomsnittlige særtillegget vil verte litt høgare enn venta.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga med 9 mill. kroner.

Kap. 2686 Gravferdsstønad

Post 70 Gravferdsstønad, overslagsløyving

Løyvinga for 2013 er på 200 mill. kroner.

Talet på mottakarar og gjennomsnittleg yting ser ut til å bli litt lågare enn forventa.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga med 14 mill. kroner.

Kap. 2690 Diverse utgifter*Post 70 Sjukestønadsutgifter i utlandet*

Løyvinga for 2013 er 330 mill. kroner.

Utgiftene på denne posten varierer til vanleg mykje fra månad til månad, og utgiftene er difor vanskeleg å berekne. På grunn av utviklinga til og med september er det grunn til å justere ned løyvinga for 2013.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga med 20 mill. kroner.

Post 77 Pasientar frå gjensidighetsland mv.

Løyvinga for 2013 er 130 mill. kroner.

Utgiftene på denne posten varierer til vanleg mykje fra månad til månad, og utgiftene er difor vanskeleg å berekne. På grunn av utviklinga til og med september justeres løyvinga opp for 2013.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga med 45 mill. kroner.

Kap. 3635 Ventelønn mv.*Post 85 Innfordring av feilutbetaling av ventelønn*

Løyvinga for 2013 er 1,1 mill. kroner.

Departementet anslår innfordringar av feilutbetalingar i 2013 til 1,2 mill. kroner.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga med 0,1 mill. kroner.

Kap. 3642 Petroleumstilsynet*Post 03 Gebyr tilsyn*

Løyvinga for 2013 er 46,9 mill. kroner.

Posten omfattar gebyr for Petroleumstilsynet sitt tilsyn med helse-, miljø og sikkerheit i petroleumssektoren.

Oversлага viser at det vert ei meirinntekt på om lag 27,5 mill. kroner på denne posten i 2013.

Ein årsak til dette er at det frå 1. januar 2013 er innført eit nytt finansieringssystem for Petroleumstilsynet. Finansieringssystemet er lagt om frå ei refusjonsordning til ei gebyrordning og ei sektoravgift. Praksisen i det nye finansieringssystemet har medført at fordelinga mellom sektoravgift og gebyr i 2013 har vore ein anna enn lagt til grunn for løyvingane.

Samstundes er praksisen for utfakturering innskjerpa slik at større delar av dei opptente inntektene for gebyr i 2013 vil bli innbetalte i 2013. Dette er gjort for å unngå for store forskyvingar mellom rekneskapsperiodane.

Samla sett vil dette for 2013 gje auka inntekter på posten på om lag 27,5 mill. kroner. Samstundes vil det på kap. 5571, post 70 vere ein reduksjon i inntekter på om lag 27,5 mill. kroner, jf. kap 5571, post 70 nedanfor.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga med 27,5 mill. kroner.

**Kap. 5571 Sektoravgifter under
Arbeidsdepartementet***Post 70 Petroleumstilsynet – sektoravgift*

Løyvinga for 2013 er 74 mill. kroner.

Posten omfattar sektoravgift som Petroleumstilsynet har for faktiske kostnader for oppfølging av næringa.

Petroleumstilsynet har for 2013 innført eit nytt finansieringssystem. Omlegginga til eit nytt og meir komplekst internt system for å berekne aktivitetstimar i etaten har tatt lengre tid enn venta, og utfaktureringa har difor blitt forseinka.

Praksisen for utfakturering er innskjerpa slik at større delar av dei opptente inntektene for sektoravgift i 2013 vil bli innbetalte i 2013. Dette er gjort for å unngå for store forskyvingar mellom rekneskapsperiodane.

Samstundes har rekruttering til nye stillingar i samband med auken av driftsløyvinga på kap. 642, post 01 på 20 mill. kroner for 2013 tatt lengre tid enn venta, då det har vist seg vanskeleg å få tilgang på naudsynt kompetanse. Dette har ført til færre fakturerte timar enn først berekna.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga med 27,5 mill. kroner.

Kap. 5701 Diverse inntekter*Post 02 Diverse inntekter*

Løyvinga for 2013 er 570 mill. kroner.

Posten omfattar mellom anna tilbakebetaling av for mykje utbetalet til stønadsmottakarar og legar og inntekter frå renter og avdrag på attføringslån. Innbetalingar pr. 31. august 2013 var 543 mill. kroner. Samla inntekter er venta å verte 709,5 mill. kroner på posten for 2013.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga med 139,5 mill. kroner.

Post 71 Refusjon ved yrkesskade

Løyvinga for 2013 er på 925 mill. kroner.

På grunn av innbetalinga av refusjon av oppgjer frå forsikringsnæringa til og med skadeår-

gang 2012, som er innbetalt til folketrygda i 2013, vert overslaget for 2013 89,9 mill. kroner lågare enn budsjettet.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga med 89,9 mill. kroner.

Post 73 Refusjon frå bidragspliktige

Løyvinga for 2013 er på 330 mill. kroner.

Ein må sjå inntektene på posten i samanheng med utgiftene til forskottering på kap. 2620 post 76. På grunn av utviklinga så langt i år reknar ein med at inntektene vert litt lågare enn tidlegare venta.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga med 20 mill. kroner.

Post 74 Refusjon medisinsk handsaming

Løyvinga for 2013 er på 20 mill. kroner.

Inntektene på denne posten varierer mykje frå år til år og er difor vanskeleg å berekne. På grunn av utviklinga så langt i år reknar ein med at inntektene vert om lag 30 mill. kroner høgare enn tidlegare venta.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om auke løyvinga med 30 mill. kroner.

Arbeidsdepartementet

til rår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet 2013 under Arbeidsdepartementet.

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget vert bedt om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet 2013 under Arbeidsdepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

**til vedtak om endringar på statsbudsjettet 2013 under
Arbeidsdepartementet**

I

I statsbudsjettet for 2013 vert det gjort følgjande endringar:

Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner	Kroner
601		Utgreiingsverksemnd, forskning m.m.		
	21	Spesielle driftsutgifter, vert redusert med	2 000 000	
		frå kr 59 270 000 til kr 57 270 000		
	70	Tilskott, vert redusert med	1 000 000	
		frå kr 25 490 000 til kr 24 490 000		
605		Arbeids- og velferdsetaten		
	01	Driftsutgifter, vert auka med	3 270 000	
		frå kr 10 622 119 000 til kr 10 625 389 000		
611		Pensjonar frå statskassa		
	01	Driftsutgifter, <i>overslagsløyving</i> , vert redusert med	2 000 000	
		frå kr 19 000 000 til kr 17 000 000		
612		Tilskott til Statens pensjonskasse		
	01	Driftsutgifter, <i>overslagsløyving</i> , vert redusert med	279 771 000	
		frå kr 9 025 771 000 til kr 8 746 000 000		
	70	For andre medlemmer av Statens pensjonskasse, <i>overslagsløyving</i> , vert redusert med	3 000 000	
		frå kr 100 000 000 til kr 97 000 000		
613		Arbeidsgivaravgift til folketrygda		
	01	Driftsutgifter, <i>overslagsløyving</i> , vert auka med	23 000 000	
		frå kr 964 000 000 til kr 987 000 000		
614		Bustadlåneordninga i Statens pensjonskasse		
	01	Driftsutgifter, vert auka med	3 000 000	
		frå kr 89 000 000 til kr 92 000 000		
	90	Utlån, <i>overslagsløyving</i> , vert auka med	2 400 000 000	
		frå kr 33 500 000 000 til kr 35 900 000 000		

Kap.	Post	Formål	Kroner	Kroner
634		Arbeidsmarknadstiltak		
	21	Forsøk, utviklingstiltak mv, <i>kan overførast</i> , vert redusert med frå kr 66 900 000 til kr 51 900 000	15 000 000	
640		Arbeidstilsynet		
	21	Spesielle driftsutgifter, regionale verneombud, vert redusert med frå kr 10 300 000 til kr 7 000 000	3 300 000	
660		Krigspensjon		
	70	Tilskott, militære, <i>overslagsløyving</i> , vert redusert med frå kr 149 000 000 til kr 142 000 000	7 000 000	
	71	Tilskott, sivile, <i>overslagsløyving</i> , vert auka med frå kr 334 000 000 til kr 345 000 000	11 000 000	
664		Pensjonstrygda for sjømenn		
	70	Tilskott, vert redusert med frå kr 196 610 000 til kr 148 428 000	48 182 000	
666		Avtalefesta pensjon (AFP)		
	70	Tilskott, vert auka med frå kr 1 861 000 000 til kr 1 920 000 000	59 000 000	
667		Supplerande stønad til personar over 67 år		
	70	Tilskott, <i>overslagsløyving</i> , vert redusert med frå kr 419 000 000 til kr 410 000 000	9 000 000	
2470		Statens pensjonskasse		
	24	Driftsresultat:		
	1.	Driftsresultat, <i>overslagsløyving</i>	-609 440 000	
	2.	Driftsutgifter, <i>overslagsløyving</i>	489 550 000	
	3.	Avskrivningar	110 332 000	
	4.	Renter av statens kapital	21 900 000	
	5.	Til investeringføremål	0	
	6.	Til reguleringsfond	-10 000 000	
			<hr/>	
			2 342 000	
45		Større utstyrssanskaffingar og vedlikehald, <i>kan overførast</i> , vert redusert med frå kr 29 753 000 til kr 11 683 000		18 070 000
2541		Dagpengar		
	70	Dagpengar, <i>overslagsløyving</i> , vert auka med frå kr 10 000 000 000 til kr 10 200 000 000	200 000 000	

Kap.	Post	Formål	Kroner	Kroner
2542		Statsgaranti for lønnskrav ved konkurs mv.		
	70	Statsgaranti for lønnskrav ved konkurs mv., <i>overslagsløyving</i> , vert auka med	65 000 000	
		frå kr 750 000 000 til kr 815 000 000		
2620		Stønad til einsleg mor eller far		
	70	Overgangsstønad, <i>overslagsløyving</i> , vert auka med	49 000 000	
		frå kr 2 481 000 000 til kr 2 530 000 000		
	72	Stønad til barnetilsyn, <i>overslagsløyving</i> , vert redusert med	5 000 000	
		frå kr 370 000 000 til kr 365 000 000		
	73	Utdanningsstønad, vert auka med	4 000 000	
		frå kr 55 000 000 til kr 59 000 000		
	75	Tilskott til flytting for å komme i arbeid, vert redusert med	100 000	
		frå kr 300 000 til kr 200 000		
	76	Forskuttering av underhaldsbidrag, vert redusert med	5 000 000	
		frå kr 785 000 000 til kr 780 000 000		
2650		Sjukepengar		
	70	Sjukepengar for arbeidstakere mv., <i>overslagsløyving</i> , vert redusert med	520 000 000	
		frå kr 32 820 000 000 til kr 32 300 000 000		
	71	Sjukepengar for sjølvstendige, <i>overslagsløyving</i> , vert redusert med	30 000 000	
		frå kr 1 660 000 000 til kr 1 630 000 000		
	72	Omsorgs- og pleiepengar ved sjukdom hos barn m.m., <i>overslagsløyving</i> , vert redusert med	5 000 000	
		frå kr 550 000 000 til kr 545 000 000		
2651		Ytingar under arbeidsavklaring		
	70	Arbeidsavklaringspengar, <i>overslagsløyving</i> , vert auka med	169 000 000	
		frå kr 35 641 000 000 til kr 35 810 000 000		
	71	Tilleggsstønad, <i>overslagsløyving</i> , vert redusert med	70 000 000	
		frå kr 465 000 000 til kr 395 000 000		
	72	Legeerklæringar, vert redusert med	10 000 000	
		frå kr 350 000 000 til kr 340 000 000		
2655		Uføre		
	70	Grunnpensjon, <i>overslagsløyving</i> , vert auka med	42 000 000	
		frå kr 23 368 000 000 til kr 23 410 000 000		
	71	Tilleggspensjon, <i>overslagsløyving</i> , vert redusert med	159 000 000	
		frå kr 36 159 000 000 til kr 36 000 000 000		

Kap.	Post	Formål	Kroner	Kroner
	72	Særtillegg, <i>overslagsløyving</i> , vert redusert med	6 000 000	
		frå kr 2 246 000 000 til kr 2 240 000 000		
	75	Menerstatning ved yrkesskade, <i>overslagsløyving</i> , vert auka med	1 000 000	
		frå kr 114 000 000 til kr 115 000 000		
	76	Yrkesskadetrygd gml. lovging, <i>overslagsløyving</i> , vert redusert med	4 000 000	
		frå kr 68 000 000 til kr 64 000 000		
2661		Grunn- og hjelpestønad, hjelphemiddel mv.		
	70	Grunnstønad, <i>overslagsløyving</i> , vert redusert med	10 000 000	
		frå kr 1 770 000 000 til kr 1 760 000 000		
	71	Hjelpestønad, <i>overslagsløyving</i> , vert redusert med	10 000 000	
		frå kr 1 690 000 000 til kr 1 680 000 000		
	73	Hjelphemiddel mv. under arbeid og utdanning, vert redusert med	5 000 000	
		frå kr 145 000 000 til kr 140 000 000		
	74	Tilskott til bilar, vert auka med	65 000 000	
		frå kr 740 000 000 til kr 805 000 000		
	75	Betring av funksjonsevna, hjelphemiddel, vert auka med	900 000	
		frå kr 2 599 100 000 til kr 2 600 000 000		
	76	Betring av funksjonsevna, hjelphemiddel som tenester, vert redusert med	25 000 000	
		frå kr 245 000 000 til kr 220 000 000		
	77	Ortopediske hjelphemiddel, vert auka med	10 000 000	
		frå kr 1 110 000 000 til kr 1 120 000 000		
	78	Høyreapparat, vert redusert med	31 000 000	
		frå kr 401 000 000 til kr 370 000 000		
2670		Alderdom		
	70	Grunnpensjon, <i>overslagsløyving</i> , vert auka med	54 000 000	
		frå kr 56 216 000 000 til kr 56 270 000 000		
	71	Tilleggpensjon, <i>overslagsløyving</i> , vert redusert med	67 000 000	
		frå kr 102 517 000 000 til kr 102 450 000 000		
	73	Særtillegg, pensjonstillegg mv., <i>overslagsløyving</i> , vert auka med	49 000 000	
		frå kr 5 921 000 000 til kr 5 970 000 000		
2680		Etterlatne		
	70	Grunnpensjon, <i>overslagsløyving</i> , vert auka med	49 000 000	
		frå kr 1 241 000 000 til kr 1 290 000 000		
	71	Tilleggpensjon, <i>overslagsløyving</i> , vert auka med	45 000 000	
		frå kr 995 000 000 til kr 1 040 000 000		

Kap.	Post	Formål	Kroner	Kroner
	72	Særtillegg, <i>overslagsløyving</i> , vert auka med	9 000 000	
		frå kr 95 000 000 til kr 104 000 000		
2686		Gravferdsstønad		
	70	Gravferdsstønad, <i>overslagsløyving</i> , vert redusert med	14 000 000	
		frå kr 200 000 000 til kr 186 000 000		
2690		Diverse utgifter		
	70	Sjukestønadsutgifter i utlandet, vert redusert med	20 000 000	
		frå kr 330 000 000 til kr 310 000 000		
	77	Pasientar frå gjensidighetsland mv., vert auka med	45 000 000	
		frå kr 130 000 000 til kr 175 000 000		

Inntekter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
3614		Bustadlåneordninga i Statens pensjonskasse	
	01	Gebyrinntekter, lån, vert auka med	3 000 000
		frå kr 66 000 000 til kr 69 000 000	
	90	Tilbakebetaling av lån, vert auka med	2 100 000 000
		frå kr 8 500 000 000 til kr 10 600 000 000	
3635		Ventelønn mv.	
	85	Innfordring av feilutbetaling av ventelønn, vert auka med	100 000
		frå kr 1 100 000 til kr 1 200 000	
3640		Arbeidstilsynet	
	08	Refusjon utgifter regionale verneombud, vert redusert med	3 300 000
		frå kr 10 300 000 til kr 7 000 000	
3642		Petroleumstilsynet	
	03	Gebyr tilsyn, vert auka med	27 500 000
		frå kr 46 850 000 til kr 74 350 000	
5470		Statens pensjonskasse	
	30	Avsetning til investeringsføremål, vert redusert med	18 070 000
		frå kr 18 070 000 til kr 0	
5571		Sektoravgifter under Arbeidsdepartementet	
	70	Petroleumstilsynet – sektoravgift, vert redusert med	27 500 000
		frå kr 74 000 000 til kr 46 500 000	

Kap.	Post	Formål	Kroner
5607		Renter av Bustadlåneordninga i Statens pensjonskasse	
	80	Renter, vert auka med frå kr 1 401 000 000 til kr 1 578 000 000	177 000 000
5701		Diverse inntekter	
	02	Diverse inntekter, vert auka med frå kr 570 000 000 til kr 709 500 000	139 500 000
	71	Refusjon ved yrkesskade, vert redusert med frå kr 925 000 000 til kr 835 100 000	89 900 000
	73	Refusjon frå bidragspliktige, vert redusert med frå kr 330 000 000 til kr 310 000 000	20 000 000
	74	Refusjon medisinsk handsaming, vert auka med frå kr 20 000 000 til kr 50 000 000	30 000 000
5705		Refusjon av dagpengar	
	04	Refusjon av dagpengar for grensearbeidrarar mv. busett i Noreg, vert redusert med frå kr 3 000 000 til kr 0	3 000 000